

Note nr. 1 – Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med lovreglar i Kommuneleva, reglar i forskrifter og standardar i medhald av god kommunal rekneskapskikk.

Rekneskapsprinsipp

All tilgang og bruk av midlar i året som vedkjem kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapen vert ikkje gjort.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også interne finansieringstransaksjonar. Alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i året er teke med i årsrekneskapen, anten dei er betalt eller ikkje. For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i året ført i investeringsrekneskapen. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost.

Dersom enkelte utgifter, utbetalingar, inntekter eller innbetalingar ikkje kan fastsetjast eksakt når rekneskapen vert avlagd, vert det registrert eit stipulert beløp i årsrekneskapen.

Klassifisering av anleggsmidlar og omløpsmidlar

I balanserekneskapen er anleggsmidlar eigedelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigedelar er omløpsmidlar. Fordringar knytt til eigen vare- og tenesteproduksjon er omløpsmidlar.

Andre fordringar er omløpsmidlar dersom desse forfell til betaling innan eitt år etter inntakstidspunktet. Elles er dei klassifisert som anleggsmidlar.

Kommunen føl KRS (F) nr 4 – Avgrensing mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden har særleg mykje å sei for skiljet mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som kjem til for å oppretthalde anleggsmiddelet sitt kvalitetsnivå vert utgiftsført i driftsrekneskapen. Utgifter som representerer ei standardheving av anleggsmiddelet utover standard ved inntakstidspunkt vert utgiftsført i investeringsrekneskapen og aktivert på anleggsmiddelet i balansen.

Vurderingsreglar

Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste verdi av inntakskost og verkeleg verdi. Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar skal alltid vurderast til verkeleg verdi.

Utestående fordringar er vurdert til pålydande med frådrag for forventta tap.

Anleggsmidlar er vurdert til inntakskost. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter anleggsmiddelet er inntekte/teke i bruk av verksemda. Avskrivingsperiodane er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Anleggsmidlar som har hatt verdifall som er forventta ikkje å vere forbigående er nedskrive til verkeleg verdi i balansen.

Vurderingane for eigedelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Opptakskost utgjer gjeldsposten sin pålydande i norske kroner på det tidspunktet som gjelda oppstår. Låneomkostningar (gebyr, provisjonar mv.) og over- og underkurs er finansutgifter og –inntekter. Over- og underkurs vert periodisert over lånet si løpetid som kortsiktig fordring/gjeld etter same prinsipp som gjeld for obligasjonar som vert haldne til forfall.

Sjølvkostutrekninger

Innanfor dei rammene der sjølvkost er sett som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevje av brukarbetalingar reknar kommunen sjølvkost etter retningslinjer gitt av Kommunal- og regionaldepartementet i dokument H-2140, januar 2003.

For dei tenestene kommunen sjølv har vald å krevje brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet vert dei same retningslinjene følgt.

Mva-plikt og mva-kompensasjon

Kommunen føl reglane i mva-lova for dei tenestedområda som er omfatta av lova. For dei andre delane av kommunen si verksemd krev kommunen mva-kompensasjon.

Motteken kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet.

Robek-registeret

Etter at kommunen hadde lagt fram rekneskapen for året 2006, vart kommunen av Møre og Romsdal fylke meldt ut av Robekregisteret.

Note nr. 2 Endring i arbeidskapital

Del 1 Endring i arbeidskapital drifts- og investeringsrekneskapen

Frå drift og investering	Frå drift	Frå investering	Endring
Sum inntekter	332 231 610	5 981 071	
Sum utgifter	326 403 356		
Avskrivningar	12 920 069		
Eksterne finansieringsinntekter	9 383 932	33 884 243	
Eksterne finansieringsutgifter	27 679 821	5 973 446	
Sum diff. drift og investering	452 433	- 20 162 022	- 19 709 589

Del 2 Endring i arbeidskapital i balansen

Frå Balansen	Saldo 01.01.07	Saldo 31.12.07	Endring
Omløpsmidlar	95 266 882	83 325 461	- 11 941 420
Kortsiktig gjeld	44 478 877	52 521 148	8 042 271
SUM ENDRINGAR I BALANSEN			- 19 983 691
Endring ubrukte lånemidlar			274 102
Sum endr. for avstemming			- 19 709 589

Note nr. 3 Garantiar stilt av kommunen

Kommunen kan stille garanti med heimel i KL § 51 og forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar, KRD 2. februar 2001. Kommunen stiller garantiar som simpel kausjon.

Del 1 oversikt over garantiansvar pr 31.12

Stilte garantiar	År 2007	År 2006	År 2005	År 2004
<i>Verksemder:</i>				
Tussa AS	0	0	0	4 373 100
Aure omsorgsbustader AS	9 001 850	9 401 950	9 802 050	10 502 150
Sum	9 001 850	9 401 950	9 802 050	14 875 250
<i>Lag og organisasjonar:</i>				
Sykkylven idrottslag	1 017 464	1 109 968	1 202 472	1 294 976
Sykkylven kulturhus BA	1 155 235	1 223 732	1 240 776	1 297 512
Sykkylven kulturhus BA	860 066	905 522	916 886	943 180
Sykkylven kulturhus BA	767 633	822 473	836 183	877 313
Sykkylven kulturhus BA	700 000			
Velledalen grendahus LL	48 256	108 161	164 518	217 840
Sum	4 548 654	4 169 856	4 360 835	5 508 134
<i>Tilsette:</i>				
Rådmannen	0	0	0	0
Andre tilsette	0	0	0	0
Sum	0	0	0	0
<i>Garantiar v/sosialkontoret</i>				
Garantiar vedk. privatpers.	87 931	54 200	50 133	74 036
Sum	87 931	54 200	50 133	74 036
Samla garantiansvar	13 638 435	13 626 006	14 213 018	20 157 420

Del 2 Innfriingar og tap

Kommunen har i rekneskapsåret ikkje måtta innfri nokon garanti.

Note nr. 4 Fordringar og gjeld til kommunar /kom. føretak og interkommunalt samarbeid

Del 1 Fordringar og gjeld

Fordringar	Pr 31.12.07	Pr 31.12.06
Kommunen sine samla kortsiktige fordringar	17 903 335	18 174 287
<hr/>		
Gjeld	Pr 31.12.07	Pr 31.12.06
Kommunen si samla gjeld	689 713 375	641 686 767
Av dette langsiktig gjeld	- 637 192 227	- 597 207 890
Kortsiktig gjeld	52 521 148	44 478 877

Merk at langsiktig gjeld ikkje er det same som lån. Langsiktig gjeld er samansett av lånemidlar og pensjonsforpliktelsar.

Del 3 Fordringar og kortsiktig gjeld til andre kommunar

	Pr 31.12.07	Pr 31.12.06
Fordringar		
Ålesund kommune	239 730	43 000
Molde kommune	210 160	145 181
Sula kommune		53 500
Stranda kommune	173 626	159 687
Vestnes kommune		193 284
Sunndal kommune		59 822
Sum fordringar	623 517	654 474

Fordringane mot kommunar gjeld i hovudsak undervisningskostnader vedkomande fosterheimsplasserte born.

	Pr 31.12.07	Pr 31.12.06
Kortsiktig gjeld		
Sum kortsiktig gjeld andre kommunar	0	0

Note nr. 5 Finansielle anleggsmidlar

Kommunen har ikkje finansielle anleggsmidlar, jf. Finansreglementet som seier at kommunen sin overskotslikviditet skal setjast i bank eller med tryggleik lik som for bankinnskot.

Note nr. 6 Avsettingar og bruk av avsettingar

Del 1 Alle fondsavsettingar og bruk av avsettingar i drifts- og investeringsrekneskapen

Alle fond	Kostra-art	Rekneskapsåret	Førre året
Avsettingar til fond	Sum (530:560)+580	5 817 130	4 343 723
Bruk av avsettingar	Sum (930:960)	- 26 976 818	- 8 542 734
Netto avsettingar		- 21 159 688	- 4 199 011

Del 2 Disposisjonsfond, avsettingar og bruk av avsettingar

Disposisjonsfond	Kostra-art/bal	Rekneskapsåret	Førre året
IB 01.01	2.56	811 597	774 378
Avsettingar	540	832 188	37 219
Bruk	940	- 866 958	
UB 31.12	2.56	776 827	811 597

UB 31.12 syner saldoen på disposisjonsfonda. Fonda er til kommunestyret sin frie disposisjon til drifts- og investeringsføremål. Dersom formål er fastsett ved avsettinga, krev ev bruk til andre føremål nytt vedtak i kommunestyret.

Del 3 Bundne driftsfond, avsettingar og bruk av avsettingar

Bunde driftsfond	Kostra-art/bal	Rekneskapsåret	Førre året
IB 01.01	2.51	6 037 945	4 978 461
Avsettingar	550	2 163 771	2 354 427
Bruk (investering)	950		-90 000
Bruk (drift)	950	- 1 821 610	- 1 204 944
UB 31.12	2.51	6 380 106	6 037 945

UB 31.12 syner saldo på dei bundne driftsfonda. Bruk av fonda sine midlar er bunde til fastsette føremål og kan ikkje endrast av kommunestyret.

Vesentlege avsettingar til bundne driftsfond

Føremål	Bakgrunn	Sum
Skjønnsmidlar barnehagar	Ubrukt del øyremerka tilskot	0
Psykiatrimidlar	Ubrukt del øyremerka tilskot	501 895,83
Nav – kommune, kvalifiseringstilskot	Ubrukt del øyremerka tilskot	262 540,00
Næringsformål	Til næringsfond	429 624,00
Kompetanseutviklingsmidlar H/S	Ubrukt del øyremerka tilskot	479 046,38

Vedkomande skjønnsmidlar barnehagar, vert det vist til nærare oppsett under Note 10, spesifikasjon over viktige postar i rekneskapen.

Del 4 Ubundne investeringsfond, avsettingar og bruk av avsettingar

Ubunde inv.fond	Kostra-art/bal	Rekneskapsåret	Førre året
IB 01.01	2.53	35 433 321	39 891 169
Avsettingar	548	208 573	
Bruk (investering)	948	- 19 888 251	- 4 457 848
Bruk (drift)	948		
UB 31.12	2.53	15 753 643	35 433 321

UB 31.12 syner saldo på dei ubundne investeringsfonda. Fonda er til kommunestyret sin frie disposisjon til investeringsføremål. Kommunestyret har gjort vedtak om disponering til investeringar på kr 20 000 000 gjennom økonomiplanen for år 2008 tom 2011. Pr dato er det ikkje nok midlar på nett det ubunde fondet som er vedteke brukt av, grunna mellombels bruk av midlar frå dette fondet i år 2006. Desse midlane må bli attendeført. Disponering til andre investeringsføremål krev nytt vedtak i kommunestyret. Det er elles i rekneskapsåret ikkje gjort avsettingar til ubunde investeringsfond.

Del 4 Bunde investeringsfond, avsettingar og bruk av avsettingar

Bunde inv.fond	Kostra-art/bal	Rekneskapsåret	Førre året
IB 01.01	2.55	5 428 569	6 266 433
Avsettingar	550	2 568 471	1 933 393
Avsetting i drift (renter)	550	44 129	18 684
Bruk (investering)	950	- 4 400 000	- 2 789 942
Bruk (drift)	950		
UB 31.12	2.55	3 641 168	5 428 569

UB 31.12 syner saldo på dei bundne investeringsfonda. Bruk av fonda sine midlar er bunde til fastsette føremål og kan ikkje endrast av kommunestyret.

Vesentlege avsettingar til bundne investeringsfond

Føremål	Bakgrunn	Sum
Formidlingslån	Meir innbetalt frå låntakarar enn betalte avdrag avsett til fonds	1 968 101,06

Note nr. 7 Kapitalkonto

	Debet	Kredit
Inngående balanse		173 392 677,32
Sal og utrang. av fast eiendom og anlegg	6 938 824,50	
Av- og nedskrivning av faste eiendomar og anlegg	11 336 883,76	
Aktivering av fast eiendom og anlegg		50 767 081,19
Sal av utstyr, maskinar og transportmidlar		
Av- og nedskrivning av utstyr, maskinar, transp.midl	1 583 185,44	
Aktivering av utstyr, maskinar og transportmidlar		674 148,70
Sal av aksjar og lutar	19 500,00	
Kjøp av aksjar og lutar		140 406,00
Aktivering av pensjonsmidlar		29 090 818,00
Mottekne avdrag på utlån	2 543 081,81	
Av- og nedskrivning på utlån	344 385,10	
Utlån		1 056 161,75
Oppskrivning av utlån		
Bruk av midlar frå eksterne lån	31 378 101,93	
Avdrag på eksterne lån		15 735 691
Endring pensjonsforpliktelsar	25 479 614	
Endring skuldig arb.g.avg pensjonsforpl.		863 586,00
Korrigerings pensjonsmidlar/-forpliktelsar		
Urealisert valutatap		
Urealisert valutavinst		
Utgående balanse	192 096 993,42	
SUM	271 720 569,96	271 720 569,96

Note nr. 8 Interkommunalt samarbeid

Distriktsveterinær (samarbeid mellom Stranda og Sykkylven)

Tekst	Utgifter	Inntekter
Overføring frå Stranda kommune		173 626

Skogbrukssjef (Samarbeid mellom Norddal, Stranda og Sykkylven)

Tekst	Utgifter	Inntekter
Overføring til Stranda kommune	138 304	

Kommunerevisjonsdistrikt nr. 3 IKS

Tekst	År 2007	År 2006
Kjøp av tenester	465 500	414 600

Kontrollutvalssekretariat


Tekst	År 2007	År 2006
Eigenkapitalinnskot		19 230
Kjøp av tenester	25 173	40 000

Tekst	År 2007	År 2006
Innbetaling til IKA Møre og Romsdal	89 703	92 860

Dette omfattar, kontingent, privatarkiv og depotkostnader. Sykkylven kommune sin eigardel er 2,337 %. I 2006 var vår eigardel 2,816 %

Note nr. 9 Organisering av kommunen si verksemd

Sykkylven kommune endra organisering frå 1. januar 2006. Kommunen er organisert etter to-nivåmodell med rådmann/to kommunalsjefar og einingsleiarar.



Note nr. 10 Spesifikasjon av vesentlege postar i rekneskapen

Pensjon:

Kommunen har 4 pensjonsordningar.

Pensjonskasse	Omfattar
Statens Pensjonskasse SPK	Undervisningspersonale som vert omfatta av læraravtalen
Kommunal Landspensjonskasse KLP	Sjukepleiarar
Vital AS	Pensjonsordning for tilsette på vanlege komm. Vilkår – mao dei som ikkje er i SPK eller KLP.
Vital AS	Pensjonsordning ordførar

Betalt premie

Selskap	Premie år 2007	Premie år 2006	Endring i %
SPK	5 640 513	5 825 331	- 3,17
KLP, sjukepleiarordninga	4 524 150	2 475 888	82,73
Vital AS	13 491 835	10 192 401	33,37
Sum	23 656 498	18 493 620	27,92

Pensjonskostnad

Selskap	Kostnad år 2007	Kostnad år 2006	Endring i %
SPK	6 356 318	5 431 071	17,04
KLP, sjukepleiarordninga	2 309 380	1 863 947	23,90
Vital AS	8 260 246	8 448 376	- 2,23
Sum	16 925 944	15 743 394	7,51

Årets premieavvik

Selskap	Kostnad år 2007	Kostnad år 2006	Endring i %
SPK	715 805	- 394 260	-281,56
KLP, sjukepleiarordninga	- 2 214 770	- 611 941	261,93
Vital AS	- 5 231 589	- 1 744 025	199,97
Sum	- 6 730 554	- 2 750 025	144,73

Negativt avvik medfører mindre kostnad enn betalt pensjonspremie. Positivt avvik vert for lite innbetalt pensjonspremie sett i høve til årets pensjonskostnad

Skilnaden mellom utgift (betalt premie) og kostnad (pensjonskostnad) er kr – 6 730 554 og er årets premieavvik. Denne summen er ført til inntekt på pensjon i rekneskapen og vert amortisert med like delar over rekneskapane dei neste 15 åra.

Netto pensjonskostnad i rekneskapen for år 2007 vert likevel ikkje kr 16 925 944 då amortisering av tidlegare års avvik kjem i tillegg/kjem til frådrag.

Netto pensjonskostnad belasta rekneskap

Belasta rekneskapen	Kostnad år 2007	Kostnad år 2006	Endring i %
Sum	16 173 581	14 015 807	15,40

Frå år 2005 til år 2006 var endringa – 4,73 %

Pensjonsmidlar inneståande i selskapa (til framtidige utbetalingar)

Selskap	År 2007	År 2006	Endring i %
SPK	86 116 218	78 720 704	8,02
KLP, sjukepleiarordninga	34 223 161	28 435 352	20,35
Vital AS	155 948 321	139 840 826	11,52
Sum	276 287 700	247 996 882	11,41

Pensjonsforpliktelse (basert på teoretisk modell om uttak)

Selskap	År 2007	År 2006	Endring i %
SPK	- 101 103 268	- 91 859 000	10,06
KLP, sjukepleiarordninga	- 31 188 901	- 27 178 595	14,76
Vital AS	- 167 358 216	- 155 133 260	7,88
Sum	- 299 650 385	- 274 170 855	9,29

Netto forpliktelse (Skilnad pensjonsmidlar og pensjonsforpliktelse (-))

Selskap	År 2007	År 2006	Endring i %
SPK	- 14 987 050	- 12 138 296	23,47
KLP, sjukepleiarordninga	3 034 260	1 256 767	141,44
Vital AS	-11 409 895	-15 292 434	-25,39
Sum	-23 362 685	- 26 173 973	- 10,74

Der det er netto forpliktelse (SPK og Vital) skuldast dette at selskapa etter sine modellar har rekna ut at framtidig uttak av pensjon vil bli høgare enn det er midlar til, dette seier soleis noko om forventa utvikling i premie. Det er verdt å merkje seg at desse to selskapa har hatt ulik utvikling når det gjeld netto forpliktelse.

Premiefond

Selskap	År 2007	År 2006	Endring i %
Vital AS	9 710 862	5 428 552	78,88
Sum	9 710 862	5 428 552	106,50

Midlane er inneståande i pensjonsselskapa og kan nyttast til å spare den ordinære likviditeten som premieinnbetaling. Å bruke av premiefondet til premieinnbetaling vil likevel ikkje redusere kostnadene i rekneskapan for det året premiefondet vert nytta, då det er premiekostnaden utrekna av selskapet(a) som skal belastast rekneskapan, ikkje premieinnbetalinga. Premiefondet er renteberande.

Skatt og rammetilskot:

Inntektsart	Avvik	Rekneskap 2007	Budsjett 2007
Skatt på formue og innt	1 265 570	141 555 570	140 290 000
Selskapsskatt		17 739 000	17 739 000
Sum skatt	1 265 570	159 294 570	158 029 000
Innbyggartilskot	1 433 572	59 025 572	57 592 000
Ord. skjønnsstilskot		550 000	550 000
Særsk. Skjønnsstilskot	800 000	800 000	
Inntektsutjamning	275 421	- 494 000	- 971 000
Sum rammetilskot	2 508 993	59 881 389	57 171 000
Sum	3 774 563	219 175 959	215 200 000

Nærare om skjønnsmidlar barnehagar

Iflg Rundskriv F-11/07 frå Kunnskapsdepartementet skal skjønnsmidlar barnehagar uavkorta gå med til å oppretthalde aktiviteten i barnehagane frå før "Barnehageforliket" vart gått inn. Dette medfører at den kommunale eigenfinansieringa (netto driftsutgifter) skal minst vere på same nominelle nivå som i år 2003.

Målet med skjønsmidlane er å kompensere for kommunane sine meirutgifter knytt til innføring av maksimalpris, kommunal plikt til økonomisk likeverdig behandling av offentlege og private barnehagar og drift av nye barnehageplassar.

Kommunane skal derfor kvart år samanlikne dei netto utgiftene i rekneskapsåret med dei nominelle netto utgiftene rekneskapsåret 2003.

Det er nytta slik formel for utrekning av netto driftsutgifter i år 2007 og 2003:

Netto driftsutgifter kjem fram ved å summere funksjonane 201 (ordinært barnehagetilbod), 211 (styrka barnehagetilbod) og 221 (førskulelokale og skyss) – Artane (010-480)+590-artane – artane [(600-895) - (728+729)]

Renter på kommunale investeringar innan barnehagebygg skal deretter tilleggast slik:

Bokført verdi på anleggsmidlane i 2003 og 2007 skal multipliserast med rentesatsen i dei aktuelle åra.

Som grunnlag for renteutrekning det einskilde året er nytta snittet av IB og UB for året. Rentesatsen skal vere den same som vert nytta ved kalkulering av alternativkostnad ved utrekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester. Her er det vist til "Rettleiar for utrekning av sjølvkost ved kommunale betalingstenester H-2140". Rettleiaren viser til at rentesatsen skal vere Noregs Bank si rente for 3 års statsobligasjonar, tillagt 1 prosentpoeng. For 2003 var denne rentesatsen 4,24 % (dvs 5,24 %) og for 2007 var denne rentesatsen 4,79 % (dvs 5,79 %)

Bokført verdi anleggsmidlar barnehagane	Sum
Bokført verdi 2003 - (Verdi 1.1.2003 + verdi 31.12.2003)/2	15 817 773,54
Bokført verdi 2007 - (Verdi 1.1.2007 + verdi 31.12.2007)/2	22 992 296,10

Tekst	År 2007	År 2003
Netto utgifter F 201 Ordinært barnehagetilbod	- 949 129,10	1 032 000
Netto utgifter F 211 Styrka barnehagetilbod	760 698,61	1 272 000
Netto utgifter F 221 Førskulelokale og skyss	3 533 571,55	1 368 000
Kalkulasjonsrente anleggsmidlar barnehagar	1 181 991,87	633 718,83
Sett av til bunde driftsfond barnehagar	0	
Brukt meir enn i år 2003	4 527 132,93	221 414,10
		4 527 132,93

Sykkylven kommune har ikkje brukt øyremerka skjønstilskot til å redusere kommunal innsats i høve utgangsåret 2003, og har dermed ikkje noko ubrukt del av skjønstilskot å sette av til fond.

Note nr. 11 Anleggsmidler

Kommunen følger inndelinga av anleggsmidler og avskrivingsplan i samsvar med rekneskapsforskriftene § 8. Kommunen har 6 anleggsmiddelgrupper med tilhørende avskrivingsplan for dei 5 første.

Anleggsmiddelgruppe	Avskrivingsplan	Eigedelar
Gruppe 1	5 år:	EDB-utstyr, kontormaskinar ol.
Gruppe 2	10 år:	Anleggsmaskinar, maskinar, inventar og utstyr, verkty, transportmidlar o.
Gruppe 3	20 år:	Brannbilar, parkeringsplassar, trafikklys, tekniske anlegg (VAR), reinseanlegg, pumpestasjonar, forbrenningsanlegg ol.
Gruppe 4	40 år:	Bustader, skular, barnehagar, idrettshallar, vegar, leidningsnett ol.
Gruppe 5	50 år:	Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg, sjukeheim, og andre institusjonar, kulturbygg, brannstasjonar ol.
Gruppe 6	Ingen	Tomte- og industriområde, friluftsområde

Avskrivningstablå

Tekst	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3	Gruppe 4	Gruppe 5	Gruppe 6	Sum
Inntakskost	8 776 806	3 368 210	18 525 086	250 549 082	158 739 639	39 322 587	478 727 160
Tidl.avsk/utr./nedsk	- 5 542 704	- 609 876	- 5 372 527	- 28 409 234	- 10 092 721	0	50 127 062
Bokført verdi 1.1	3 134 102	2 758 334	31 964 345	191 904 503	148 646 918	39 322 587	429 154 348
Tilgang i rsk.året	660 488		13 661	48 262 321	993 101	1 511 660	51 441,230
Avskrivning	- 1 205 425	- 341 760	- 1 074 505	- 7 154 897	- 3 143 284	0	- 12 920 069
Sal/utrangering				- 6 938 824			- 6 938 824
Nedskrivningar							
Reverserte nedskr.							
Bokført verdi 31.12	2 589 165	2 416 574	12 091 715	256 308 448	146 496 537	40 834 247	460 736 685

Note nr. 12 Investeringar

Del 1 summarisk oversikt

Tekst	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Utgifter i investeringsrekneskaper	67 894 902	59 970 000	7 924 902
<i>Finansiert ved:</i>			
Lån	31 378 102	32 404 000	-1 025 898
Mottekne avdrag på utlån	2 481 141	0	2 481 141
Stats- og fylkeskommunale tilskot	0	1 916 000	- 1 916 000
Andre tilskot	5 704 158	0	5 704 158
Sal av aksjar og lutar	25 000	0	25 000
Eigenkapital overført frå driftsrekneskap	150 000	150 000	0
Eigenkapital frå fonds	24 288 251	19 500 000	4 788 251
Eigenkapital frå sal av anleggsmidler i året	276 912	6 000 000	- 5 723 088
Avvik			- 3 591 338
Udekket i investeringsrekneskaper	3 591 338		

Lånemidler

Prosjekt	Ubrukt 31.12.06	Låneopptak Komm.bank	Til disposisjon	Alt.bet tidlegare udekka	Attendeført mellombels lån av lån	Brukt til årets invest	Til seinare bruk
Servicetorg	277 096,99		277 096,99			- 277 096,99	0,00
Ungdomsskule	10 347 478,49	1 000 000,00	11 347 478,49			- 11 347 478,49	0,00
Sørestranda skule	344 155,00	1 300 000,00	1 644 155,00			- 16 412,91	1 627 742,09
Planl. ny sentrumsskule		200 000,00	200 000,00			- 146 126,50	53 873,50
Etableringslån, startlån	1 421 000,00		1 421 000,00			- 920 000,00	501 000,00
Utlån eldre og uføre	92 300,00						92 300,00
Buas, ferdigstil- ling		300 000,00					300 000,00
Buas, planlegg. endringar		500 000,00				- 99 278,67	400 271,33
Reiskapshus kyrjegarden	953 735,87	1 920 000,00	2 873 735,87			- 2 812 644,94	61 090,93
Brann og redning, utstyr		200 000,00	200 000,00				200 000,00
Brann og redning, brannbil		3 000 000,00	3 000 000,00	- 871 213,55	- 353 786,45	- 13 661,20	1 761 338,80
Brann og redning, ny brannstasjon		1 500 000,00	1 500 000,00				1 500 000,00
Kommunale vegar		4 000 000,00	4 000 000,00		353 786,45	- 1 425 863,22	2 927 923,23
Gang- /sykkelvegar og trafikktrygding		4 300 000,00	4 300 000,00			- 1 130 585,05	3 169 414,95
Bustadområde Tynesvegen		1 500 000,00	1 500 000,00			- 1 071 944,39	428 055,61
Vikedalen barnehage		3 000 000,00	3 000 000,00			- 2 861 796,02	138 203,98
IKT		3 384 000,00	3 384 000,00			- 3 384 000,00	0,00
Kommunale bygg		500 000,00	500 000,00			- 500 000,00	0,00
Grunnskulen, miljøretta helsevern		1 000 000,00	1 000 000,00	- 222 787,51		- 777 212,49	0,00
Rehabilitering skulane		1 500 000,00	1 500 000,00	- 1 324 324,79		- 175 675,21	0,00
Utbeiring/sikring ute og inne		1 500 000,00	1 500 000,00	- 1 391 540,00		- 108 460,00	0,00
skular/barnehag.		500 000,00	500 000,00	- 478 671,25		- 21 328,75	0,00
Sum	13 435 766,35	31 104 000,00	44 539 766,35	- 4 288 537,10	0	- 27 089 564,83	13 161 664,42

Investeringsplan:

Tiltak	Rekneskap	Korr. budsjett	Opphavl budsj
Formidlingslån, utlån	944 681,25	1 000 000	1 000 000
Formidlingslån, ordinære avdrag	488 359,00		
Formidlingslån, ekstraord. avdrag	4 400 000,00		
Nybygg ungdomsskule	30 120 683,22	20 500 000	20 500 000
Sørestranda skule	16 412,91	1 600 000	1 600 000
Driftsbygning kyrkje	2 812 644,94	1 920 000	1 920 000
Sykkylven bu- og aktivitessenter		300 000	300 000
Ny brannbil	13 661,20	3 000 000	3 000 000
Utstyr brann- og redningskorpset		200 000	200 000
Ny brannstasjon		1 500 000	1 500 000
Kommunale bygg	1 239 136,44	4 500 000	4 500 000
Bustadområde	1 369 422,39	1 500 000	1 500 000
Kommunale vegar	4 291 857,24	8 500 000	8 500 000
Gang- og sykkelveg, trafikktrygding	1 130 585,05	5 000 000	5 000 000
Kai		4 500 000	4 500 000
EDB-investeringar	660 487,50	500 000	500 000

Tiltak	Rekneskap	Korr. budsjett	Opphavl budsj
Vikedalen barnehage, utviding	5 360 837,57	4 600 000	4 600 000
Vikedalen barneh. oppattb. e brann	6 733 844,58		
Planlegging endringer v/BUAS	99 278,67	500 000	500 000
Planlegging ny sentrumsskule	146 126,50	200 000	200 000
Avsetning ubunde fond	25 000,00		
Avsetning bunde fond	2 672 915,27	150 000	
Eigenkapitalinnskott KLP sjukepl.ordn.	140 406,00		
Industriområde	138 039,50		
Finansiering tidlegare udekka	5 090 523,42		
Sum	67 894 902,65	59 970 000	59 820 000

Del 2 Spesifikasjon av investeringar

Kommunale bygg:

Bygg	Utgiftsført
Ballbinge Hundeidvik	39 850 ,50
Rådhuset	893 821,98
Aure skule	153 795,62
Ullavik skule	130 339,59
Ullavik barnehage	21 328,75
Sum	1 239 136,44

Vegar:

Bygg	Utgiftsført
Større utbetringar, rehabiliteringar, div. vegar	1 302 985,84
Tynesvegen	2 861 796,02
Haugsethvegen	127 075,36
Sum	4 291 857,22

Note nr. 13 Gjeldsforpliktelsar –fordeling av gjeldsbrevlån mellom långjevarar

Tekst	Rekneskapsåret	År 2006	År 2005
Kommunen si samla lånegjeld	334 247 608	318 879 299	296 631 814
<i>Lånegjeld fordelt på følgjande kreditorar:</i>			
Kommunalbanken AS	179 875 910	154 825 170	128 112 890
Kommunekreditt AS	130 280 085	138 592 063	141 753 300
Husbanken	4 769 085	4 917 990	5 000 000
Sparebanken Møre	8 009 848	8 268 232	8 526 616
Kommunal Landspensjonskasse	10 894 840	11 258 004	11 621 168
Møre og Romsdal fylke (With Endresens fond)	20 000	20 000	20 000
Ekornes ASA	397 840	997 840	1 597 840

Note nr. 14 Gjeldsforpliktelsar fordelt på ulike område

Tekst	Rekneskapsåret	År 2006	År 2005
Kommunen si samla lånegjeld	334 247 608	318 879 299	296 631 814
Del knytt til sjølvkost (VAR)	-28 184 477	-29 129 477	-30 060 869
Del knytt til Reform 97	- 4 838 637	- 5 419 273	- 5 999 909
Delt knytt til tiltaksplan for eldre	- 35 751 834	- 37 106 667	-38 461 500
Del knytt til formidlingslån	- 10 892 201	- 15 780 560	- 16 202 024
Del knytt til anna kommunal verksemd	252 546 458	231 443 322	205 907 512
Gjeld anna kommunal verksemd i % av samla	75,56	72,58 %	69,42 %

Gjeld vedkomande sjølvkost (VAR) gjeld vatn og avlaup og vert betalt av Sykkylven energi AS som leige for anleggsmidlane.

Gjeld vedkomande Reform-97 (skuleutbygging) vert betalt av staten ved ei refusjonsordning. Staten brukar annuitetsmodell og kommunen har teke opp serielån. Tidlegare har her vore vist gjeldsforpliktelse etter annuitetsmodell. No er denne delen også synt som serielån.

Gjeld vedkomande handlingsplan for eldre vert betalt av staten ved ei refusjonsordning

Gjeld vedkomande formidlingslån er etablerings- og startlån som vert betalt av innbyggjarar kommunen har vidareutlånt midlane til.

Kommunen si gjeld knytt til anna verksemd vert i hovudsak finansiert av frie inntekter og betalingsordningar.

Note nr 15 Avdrag på gjeld/ Krav til minste lovlege avdrag jf KI § 50 nr. 7a

Avdrag	Rekneskap	Budsjett	R Førre år
Betalt /budsjettetert avdrag i driftsrekneskapen	10 847 332	11 000 000	8 439 051
Utrekna krav til minste lovlege avdrag	9 221 677	9 103 000	7 992 130
Differanse	1 625 655	1 897 000	446 921

Sykkylven kommune nyttar "reknearkmodellen" for utrekning av minste lovlege avdra. Kommunen var i 2007 forplikta til å betale 2,71 % av lånegjeld 31.12.2007 som avdrag. For førre år var kravet 2,64 %

Kommunen betalar meir i avdrag enn kommunelova § 50 nr. 7a sitt krav til minste avdrag, jf oppstillinga over.

Note nr. 16 Likviditetsreserve, avsetningar og bruk av avsetningar

Likviditetsreserve	Kostra art/balanse	Rekneskapsåret	Førre år
IB 01.01	2.5980	2 299 823	2 299 823
Av dette likviditetsreserve drift	2.5980.001	2 648 499	2 648 499
Av dette likviditetsreserve investering	2.5980.002	- 348 676	- 348 676
Avsetningar til likviditetsreserve drift	560		
Avsetningar til likviditetsreserve investering	560		
Bruk av avsetningar likviditetsres. drift	960		
Bruk av avsetningar likviditetsres. investering	960		
UB 31.12	2.5980	2 299 823	2 299 823
Av dette likviditetsreserve drift	2.5980.001	2 648 499	2 648 499
Av dette likviditetsreserve investering	2.5980.002	- 348 676	- 348 676

UB 31.12 syner saldo for samla likviditetsreserve. Likviditetsreserve drift kan dersom kreditaldo disponerast til drifts- og investeringsføremål. Likviditetsreserve investering kan berre disponerast til investeringsføremål.

Likviditetsreserve drift er belasta der departementet har vedteke endringar i rekneskapsprinsipp og gitt melding om at prinsippendringane skal belastast likviditetsreserve for ikkje å få resultatverknad. Sist gong det vart postert noko på likviditetsreserve drift var då departementet i år 2001 gav melding om endring frå betalte renter til påløpne renter, endra periodiseringsprinsipp for MVA-kompensasjon (full omlegging av ordning for kompensasjon vedkomande MVA) og bortpostering av vare- og materiallager.

Note nr. 17 Spesifikasjon over rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) drift

Rekneskapsmessig meirforbruk	Budsjett	Rekneskapsåret	Tidlegare år
Tidlegare års opparbeidd meirforbruk			7 065 636
Årets avsetning til inndekking	7 065 636	- 7 065 636	
Nytt udekka i rekneskapsåret			
Totalt meirforbruk til inndekking		0	
Resterande tal år for inndekking			

Note nr. 18 Spesifikasjon over rekneskapsmessig udekka (underskot) investering

Rekneskapsmessig meirforbruk	Budsjett	Rekneskapsåret	Tidlegare år
Tidlegare års opparbeidd meirforbruk			5 090 523
Årets avsetning til inndekking	0	- 5 090 523	
Nytt udekka i rekneskapsåret		3 591 838	
Totalt meirforbruk til inndekking		3 591 838	
Resterande tal år for inndekking	1		

Note nr. 19 Vesentlege forpliktelsar

Kommunen er forplikta til å opplyse om vesentlege forpliktelsar som finansielle leasingavtalar, langsiktige leigeavtalar, og vesentlege driftsavtalar med private, knytt til drift av kommunale tenester. Dette er driftsutgifter kommunen er forplikta til å betale i framtida. Kunnskap om dette er viktige for å kunne vurdere kommunen si evne til å ta på seg nye utgifter og kommunen si evne til å oppfylle løpande avtalar.

Type avtale	Rekneskapsåret	Førre år
Leige av lokale	2 878 135	2 506 174
Av leige av lokale, lokale til bibliotek	461 510	411 604
Av leige av lokale, lokale i kulturhuset	406 667	322 025

Det er berre dei mest vesentlege leigeavtalane som er opplyst.

Kommunen har heilt medvite inngått operasjonelle leasingsavtalar (leigeavtalar) og ikkje finansielle leasingsavtalar (det som vanlegvis vert kalla leasing)

Note nr. 20 Sjølvkosttenester

Kommunen har leigd vekk vassverk og kloakkanlegg med leidningsnett til Sykkylven energi AS. Sykkylven energi er gjennom avtalen forplikta til å følgje regelverket for sjølvkost etter retningsliner gitt av Kommunal- og regionaldepartementet i dokument H-2140, januar 2003.

Det vert derfor her synt til rekneskap og årsmelding for Sykkylven energi AS.

Note nr. 21 Årsverk

Det vert her synt til rådmannen si årsmelding

Note nr. 22 Godtgjering til rådmann og ordfører

Tekst	Rekneskapsåret	Førre år
Lønn og anna godtgj. til rådmann, inkl. pensjonsavt.	626 364	592 041
Lønn og anna godtgj. til ordfører, inkl. pensjonsavt.	593 573	557 350

Det er ikkje inngått etterlønnssavtale med rådmann. Ordfører har ein etterlønnssavtale der han er sikra vanleg ordførargodtgjering i 3 md.

Note nr. 23 Revisjonshonorar

Tekst	Rekneskapsåret	Førre år
Honorar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon	465 500	375 000
Honorar for rådgjeving		0
Driftsutgifter kontrollutvalssekretariatet	75 519	40 000
	541 019	415 000

Auke i utgifter til revisjon og drift av kontrollutvalssekretariat har auka med 30,37 %.

Note nr. 24 Høve ved rekneskapsårets slutt, hendingar etter balansedagen

Det vert vist til rådmannen si årsmelding

Note nr. 15 Endring av prinsipp, estimat og retting tidlegare års feilEndring av prinsipp

Det er i rekneskapsåret ikkje gjort endringar vedkomande prinsipp som tilseier endringar i måten rekneskapen vert ført.

Endring av estimat

Det er i rekneskapsåret ikkje gjort endringar vedkomande estimat som tilseier endringar i rekneskapen.

Retting tidlegare års feil

Det er i rekneskapsåret inntektsført eit statstilskot barnehagar, kr 436 063,73 som skulle ha vore inntektsført i år 2006.